



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 11.09.2018
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Lina Marie Bjørkedal	SP
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Ingvild Kalvatn	Ingeniør



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 59/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 60/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 61/18	Søknad om deling av landbrukseigedom - Gbr 12/2
PS 62/18	Gbr 156/2 og 156/9 - Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå kommunedelplan Ulvestadbygda
PS 63/18	Dispensasjon frå pbl. § 1-8 og kdp for Kystsonen - Gbr 45/1 - oppføring av hytte på garden i Austefjorden
PS 64/18	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, gbr. 18/285
PS 65/18	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, gbr. 17/143
PS 66/18	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, gbr. 27/90
PS 67/18	Orienteringssaker
OS 16/18	Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
PS 68/18	Lyspunkt ved busshaldestasjonar

PS 59/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var ni røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Det var ingen merknadar til saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 60/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til protokollen frå førre møte.

Røysting:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjent.

PS 61/18 Søknad om deling av landbrukseigedom - Gbr 12/2

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 15.05.2018, frå Per Karsten Mork, eigar av gnr 12 bnr 2. Det vert søkt om frådelling av bustadtomt på 2,0 daa med påståande våningshus, Berknesvegen 63.

Med heimel i jordlova § 12 går Forvaltningsutvalet imot løyve til frådelling slik det er søkt om. Grunngevinga er at frådelling av dette huset, slik det ligg inne i eigedomen og i gardstunet kan føre til vesentlege driftsmessige ulemper og risiko for konflikt mellom bustadeigedomen og landbruksdrifta på eigedomen.

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes fremma følgjande:

- 1. Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 15.05.2018 frå Per Karsten Mork, eigar av gnr 12 bnr 2. Det vert søkt om frådelling av bustadtomt på 2,0 daa med påståande våningshus. Med heimel i jordlova §12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til deling slik det er søkt om.*
- 2. Grunngevinga er at bruket ikkje er større en at det ved dagens og framtidas drift kan driftast utifrå behovet med eit våningshus på garden. Det vert her lagt vekt på omsynet til busetninga i området, og at det er viktig at hus nr 2 på gardane vert både bebudde og heldt ved like.*

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Sindre Kvangarsnes og administrasjonen si tilråding.

Petter Espe, Åshild Vik, Sindre Kvangarsnes, Magny Fylling og Hans Peter Eidseflot røysta for Sindre Kvangarsnes sitt framlegg.

Erlend Koppen, Øyvind Festø, Margrete Trovåg og Magnar Sunde røysta for administrasjonen si tilråding.

Framlegget til Sindre Kvangarsnes fekk fem og vart vedteke. Administrasjonen si tilråding fekk fire røyster og fall.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

1. *Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 15.05.2018 frå Per Karsten Mork, eigar av gnr 12brnr 2. Det vert søkt om frådelling av bustadtomt på 2,0 daa med påståande våningshus. Med heimel i jordlova §12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til deling slik det er søkt om.*
2. *Grunngjevinga er at bruket ikkje er større en at det ved dagens og framtidas drift kan driftast utifrå behovet med eit våningshus på garden. Det vert her lagt vekt på omsynet til busetninga i området, og at det er viktig at hus nr 2 på gardane vert både bebudde og heldt ved like.*

PS 62/18 Gbr 156/2 og 156/9 - Deling og oppmålingsforretning. Dispensasjon frå kommunedelplan Ulvestadbygda

Administrasjonen si tilråding:

1. *Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan (Kystsoneplan for Lauvstad-Ulvestad) for frå deling av bebygd bustadtomt frå gnr 156 bnr 2 i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan dagsett 21.05.2018.*
2. *Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frå deling slik det er søkt om.*
Grunngjevinga er at huset ligg i utkanten av tunet og at ein har høve til å ta i bruk alternativ veg for gardsdrifta, og slik redusere ulemper og risiko for konflikt mellom bustadeigedomen og landbruksdrifta på hovudbruket.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

1. *Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan (Kystsoneplan for Lauvstad-Ulvestad) for frå deling av bebygd bustadtomt frå gnr 156 bnr 2 i samsvar med søknad og tilhøyrande situasjonsplan dagsett 21.05.2018.*
2. *Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frå deling slik det er søkt om.*
Grunngjevinga er at huset ligg i utkanten av tunet og at ein har høve til å ta i bruk alternativ veg for gardsdrifta, og slik redusere ulemper og risiko for konflikt mellom bustadeigedomen og landbruksdrifta på hovudbruket.



PS 63/18 Dispensasjon frå pbl. § 1-8 og kdp for Kystsonen - Gbr 45/1 - oppføring av hytte på garden i Austefjorden

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova kap. 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan for kystsonen og plan- og bygningslova § 1-8. Dispensasjonen gjeld oppføring av aneks til fritidsbustad på gbr.: 45/1.

Anekset skal ikkje plasserast lågare enn 3 meter over normalnull 2000(NN2000). Anekset skal tilsvarende trekkast vekk frå kaikanten for å sikre god terrengtilpassing, og det skal ikkje etablerast uteplass i sona mellom hytta og sjøkanten til hinder for allmenn ferdsel.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova kap. 19-2 gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå kommunedelplan for kystsonen og plan- og bygningslova § 1-8. Dispensasjonen gjeld oppføring av aneks til fritidsbustad på gbr.: 45/1.

Anekset skal ikkje plasserast lågare enn 3 meter over normalnull 2000(NN2000). Anekset skal tilsvarende trekkast vekk frå kaikanten for å sikre god terrengtilpassing, og det skal ikkje etablerast uteplass i sona mellom hytta og sjøkanten til hinder for allmenn ferdsel.

PS 64/18 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, gbr. 18/285

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå utnyttingsgrad i reguleringsplan for Engeset og Klepp. Dispensasjonen gjeld for oppføring av einebustad på gbr. 18/285.

Handsaming:

Utviklingssjef Jørgen Vestgarden sa seg inhabil då han er nær ven med tiltakshavar, jamfør forv. §6 andre ledd. Jørgen Vestgarden gjekk frå under handsaming av saka.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå utnyttingsgrad i reguleringsplan for Engeset og Klepp. Dispensasjonen gjeld for oppføring av einebustad på gbr. 18/285.

PS 65/18 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, gbr. 17/143

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå utnyttingsgrad (frå 20 % til 33 %) i reguleringsplan for Strandeigedommen. Dispensasjonen gjeld for tilbygg til eksisterande einebustad på gnr.17/143.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå utnyttingsgrad (frå 20 % til 33 %) i reguleringsplan for Strandeigedommen. Dispensasjonen gjeld for tilbygg til eksisterande einebustad på gnr.17/143.

PS 66/18 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, gbr. 27/90

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå reguleringsplan for Heltne/Bratteberg (planID 1979001) sine krav i forhold til gesimshøgde, utnyttingsgrad og takform for oppføring av einebustad på gnr. 27, bnr. 90.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

Med heimel i plan- og bygningslova, § 19-2, gir Forvaltningsutvalet dispensasjon frå reguleringsplan for Heltne/Bratteberg (planID 1979001) sine krav i forhold til gesimshøgde, utnyttingsgrad og takform for oppføring av einebustad på gnr. 27, bnr. 90.



PS 67/18 Orienteringssaker

OS 16/18 Rettleiar for leike- og aktivitetsområde

Handsaming:

Forvaltningsutvalet tek rettleiar for leike- og aktivitetsområde til vitande

PS 68/18 Lyspunkt ved busshaldestasjonar

Handsaming:

Grunna vedtak endra saka status frå orienteringssak til politisk sak.

Forvaltningsutvalet ved leiar Magnar Sunde kom med følgjande framlegg:

Forvaltningsutvalet ynskjer at det vert laga ein plan for å sørge for lys og leskur på stader der elevar ventar på skulebuss og lys langs vegane der elevane går.

Skulevegen går ofte langs fylkeskommunale vegar. Fylkeskommunen har ikkje teke nok ansvar for lys og leskur langs vegane der det er lite trafikk, og foreldre og born opplever mørke haldeplassar og vegen dit som utrygg. Dette må alternativt Volda kommune ta medansvar for.

Forvaltningsutvalet ber om at administrasjonen førebur ei sak til formannskapet om finansiering av arbeidet med ei slik kartlegging av behovet, slik at kommunestyret kan ta stilling til det i budsjettarbeidet. Finansieringa må og omfatte ei prioritering av tiltak langs kommunale vegar, jamfør behovskartlegginga som vart gjennomført tidlegare.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 11.09.2018:

Forvaltningsutvalet ynskjer at det vert laga ein plan for å sørge for lys og leskur på stader der elevar ventar på skulebuss og lys langs vegane der elevane går.

Skulevegen går ofte langs fylkeskommunale vegar. Fylkeskommunen har ikkje teke nok ansvar for lys og leskur langs vegane der det er lite trafikk, og foreldre og born opplever mørke haldeplassar og vegen dit som utrygg. Dette må alternativt Volda kommune ta medansvar for.

Forvaltningsutvalet ber om at administrasjonen førebur ei sak til formannskapet om finansiering av arbeidet med ei slik kartlegging av behovet, slik at kommunestyret kan ta stilling til det i budsjettarbeidet. Finansieringa må og omfatte ei prioritering av tiltak langs kommunale vegar, jamfør behovskartlegginga som vart gjennomført tidlegare.

Møte slutt kl 15:00.

Rett utskrift,

Volda kommune, Servicekontoret.

12.09.18



VOLDA KOMMUNE

Sunniva Utne
Konsulent